

## Idrettens time i kommunestyra i Gulen og Masfjorden.

16. februar 2023 var Vestland idrettskrets (VIK), Gulen Idrettsråd (GIR) og Masfjorden idrettsråd (MIR) invitert til Idrettens time i eit fellesmøte mellom kommunestyra i Gulen og Masfjorden. Stort engasjement i salen etter gode og tydelege innlegg frå Nils R. Sandal styreleiar i VIK, Ståle Daae - nestleiar i MIR og Monica Rongved - leiar i GIR. Etter innlegga vart det ein god spørsmålsrunde og diskusjon om anlegg, aktivitet og frivilligheit.

Idrettens time blei avslutta med at Gulen kommune og Gulen idrettsråd underteikna samarbeidsavtale.



*Leiar i Gulen IR Monica Rongved og ordførar i Gulen kommune Hallvard Oppedal.  
Foto: Anne-Kristine Aas*